



Bokn kommune

Dato: 20.08.2026

Arkivsak-ID.: 26/352

JournalpostID: 26/2540

Saksbehandlar: Miriam Berland

Kommunedirektør/rådmann:

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/26	Ungdomsrådet	31.08.2026
	Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing	
079/26	Formannskapet	08.09.2026
	Kommunestyret	

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2025 - 2031

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2025 – 2031 vert vedteken slik den ligg føre.

Saksutgreiing

Samandrag

Etter Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkohollova) § 1-7d er kommunen pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) § 4 seier at «Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen». Kommunen er ein sentral aktør i arbeidet med å førebygge og avgrense rusmiddelbruk. Ut frå intensjonane i lovverket og eigne behov skal Bokn kommune føre ein heilskapleg rusmiddelpolitikk. For å sikre ei slik heilheit har Bokn kommune utarbeidd ein rusmiddelpolitisk handlingsplan som skal sjå samanhengar mellom folkehelse, førebygging, bevillingsordningar og trong for innsats på rehabiliteringsområdet. Alkoholpolitikk er ein del av ein samla rusmiddelpolitikk der målet er å redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk. Alkoholpolitiske retningslinjer er difor tatt inn i rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein kommunal temaplan som skal gi eit kort overblikk over rusmiddelsituasjonen i dag, synleggjere kva utfordringar ein står ovafor og kva som er tiltak og fokusområde i planperioden. Planen for rusfeltet skal bidra til ein forbetra, forsterka, tverrsektoriell og samordna førebyggjande innsats og innsats ovafor grupper som står i fare for, er i ferd med å utvikle eller har lettare/moderate rusproblem, for personar med alvorleg rusavhengigheit, samt deira pårørande.

Rusmiddelproblem er samansette, difor bør planen vere både tverrfagleg og tverretatleg. Handlingsplanen har overlapping og tilgrensing til andre kommunale planar og må sjåast i

samanheng med desse for å få eit komplett overblikk over kommunen sin samla innsats på rusfeltet.

Bakgrunn for saka

Den første rusmiddelpolitiske handlingsplanen i Bokn var eit samarbeidsprosjekt mellom seks kommunar (Bokn, Lund, Forsand, Finnøy, Hjelmeland og Suldal). Planen var gjeldande i perioden 2014 – 2016.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2021 - 2025 vart rullert i 2021 etter initiativ frå kommunedirektør.

Innhaldet i Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2025 - 2031 byggjer på den førre planen.

Dei ulike tenesteområda og eksterne samarbeidspartar har bidratt med innspel.

Saks- og faktaopplysningar

Innkomne merknadar/uttale frå partar

Utkast til plan har vart sendt til interne samarbeidspartar i mars og mai 2025. Det kom innspel frå kommuneoverlege, sjå vedlegg.

Utkast til plan vart også sendt til ekstern høyring. Det kom innspel frå Sør-Vest politidistrikt, sjå vedlegg.

Beredskap

Vurdering

Mål for rusmiddelpolitikken er å redusera problematisk bruk gjennom vektlegging av effektiv førebygging, tidleg innsats, tilgjengeleg behandling og oppfølging. Omsynet til problem- og risikobrukarar, tredjepart og den generelle folkehelsa veg tungt.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan skal bidra til at Bokn kommune når sine folkehelsemål ved å:

Skape ein positiv forskjell i det førebyggjande arbeidet

Hindre at fleire vert råka av rusmiddelproblem

Skape forbetringar for dei som vert ramma av rusmisbruk. Dette gjeld også vaksne pårørande og born av rusmisbrukarar.

Sjå på kva kommunen kan gjere for å avgrense skadane

Kommunedirektøren sin konklusjon

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2025 – 2031 vert vedteken slik den ligg føre.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

[Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. \(alkoholloven\) - Lovdata](#)

[Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. \(alkoholforskriften\) - Lovdata](#)

[Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\) - Lovdata](#)

[Statistisk Sentralbyrå 4. kvartal 2025](#)

[Kommunen bør utarbeide en god alkoholpolitisk handlingsplan - Helsedirektoratet](#)

[Nasjonal alkoholstrategi](#)

[Rusmiddellidelser i Norge - FHI](#)

[Tall om illegale rusmidler – Helsedirektoratet](#)

[Alkohol i Norge - FHI](#)

[Alkoholbruk blant ungdom - FHI](#)

[Eldre og alkohol - Blå Kors](#)

[Fakta om ruskjøring | MA – Rusfri trafikk](#)

[Ungdata 2025](#)

[Ansvarlig alkoholhåndtering – nytt område på kommunetorget.no - forebygging.no](#)

[Forside - Av-og-til](#)

[Nettsiden til Akan kompetansesenter | Akan.no](#)

[KOMMUNEPLAN BOKN KOMMUNE 2018-2030](#)

[Helse- og omsorgsplan 2025 - 2031](#)

Brev frå førebyggjande avsnitt politiet Tysvær, Karmøy og Haugesund og SLT-koordinator i
Tysvær/Bokn/Sverio, Karmøy og Haugesund 01.2021